

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	11.01.2013	009/13	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR-23/7 Objekt:	Arkivsaknr 11/1014
-------------------------------	-----------------------------	-----------------------

Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - ansvarsrettar - godkjenning

etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.10.2011	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve
2	U	02.11.2011	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - opplysningar
3	I	21.12.2012	Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve og tilknytning offentleg vassleidning
4	I	27.12.2012	Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om tilkopling til offentleg leidningsnett
8	U	11.01.2013	Magne Marøy; Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - ansvarsrettar - godkjenning - oversending
6	U	11.01.2013	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - godkjenning - oversending

Adresse : Marøyvegen 331
Tiltakshavar : Magne Marøy
Ansvarkeg søkjar : Stendal vvs as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Tiltak

Søknaden gjeld ansvarsrett for prosjektering og utføring av minireinseanlegg til våningshus for utslepp til heilårsresipient eigedom 23/7 Marøy.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for Radøy kommune 2011-2023 er definert som område for spreidd busetnad (LNF-SB). Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Fråsegn frå andre mynde

Saka har vore til handsaming hjå miljømynde i kommunen. Det vart i sak 008/13 datert 11.01.13 gjeve utsleppsløyve for minireinseanlegg med tett leidning til heilårsresipient.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova §21-3. Det har ikkje kome nabomerknader til søknaden.

Nabofråsegn

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i vedlagte situasjonsplan.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Det er ikkje søkt om varige terrenginngrep. Bygningsstyremakta legg såleis til grunn at tiltaket kan utførast utan varige og synlege inngrep i terrenget.

Ansvarsrettar

Stendal vvs as, org. nr. 980 626 180, har søkt ansvarsrett for utføring av arbeidet. Firmaet har opplyst å ha sentral godkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 15.12.2011, vert det godkjent ansvarsrett for montering og plassering av minireinseanlegg i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 (Tiltak som krever søknad om tillatelse) § 29-3 (Omfang og varighet av ansvaret til ansvarlige foretak) på følgjande vilkår:

1. Vilkår sett i utsleppsløyvet må etterkomast.

2. Det er ikkje søkt om varige terrengingrep og tiltaket må utførast utan å etterlate synlege inngrep i terrenget.

3. Det vert å betale følgjande gebyr for denne handsaminga av søknaden Dykkar:

Plan og forvaltning (byggesak)

11.2.6 Basisgebyr, småsaker/godkjenning av ansvarsrett Kr. 2.300,-.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

4. Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVARsomRÅDE
Stendal vvs as (org nr. 980 626 180)	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Stendal vvs as nr. 980 626 180) (org	S	PRO	1	Prosjektering minireinseanlegg
Stendal vvs as nr. 980 626 180) (org	S	UTF	1	Utføring montering av minireinseanlegg

Tiltaket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og kontrollerklæring skal leggast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova 29-1.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: **11/1014**

Med helsing

Kopi til:

Magne Marøy
Stendal VVS AS

Marøyvegen 331
Blombakken 1

5937
5911

BØVÅGEN
ALVERSUND